

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018**

**Dan Femoen (H)** sette på vegne av H og V slikt forslag.

Tillegg.

Nytt punkt.

«Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.»

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at kompleksiteten i denne revisjonsrapporten er betydeleg. Innhenting av informasjon har vore krevjande. Rapporten synleggjer også nyansar og kompleksitet som ligg innebygd i tilrådingane.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.
4. Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.
5. Legge ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.
6. Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.
7. Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.
8. Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit læringsforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.
9. Sikre at oppfølgings tenesta (OT), og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
11. Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast